

Etne Idrettslag sitt forslag til løysning.

Etne Idrettslag (EIL) vedkjenner at drifta på Skakke, med dagens inntektsnivå og gjeldssituasjon ikkje går rundt.

Drifta på Skakke SA synger på siste verset og ein står igjen med 3 alternativ: Konkurs, auke inntektene eller redusere gjeld (Ved innskudd av kapital).

EIL ser at leigeinntektene til hallen er for lave, og vedkjenner at kommunen og idrettslaget over fleire år, har slept billig unna med sine økonomiske gjenytingar mot å bruke hallen. Me har valgt å sjå på denne delen av bygningsmassen i vårt forslag til løysning.

EIL ønsker at årsmøtet vedtar at Skakke SA ber kommunen om å sjå på «Alternativ 2» som det beste for alle partar:

Justert Alternativ 2 (Alternativ 2.5):

Kommunen kjøper ut bygningsmassen knytta til Skakkehallen til markedspris eller ein sum som er akseptabel for alle partar. Minimumssummen den kan kjøpas ut for må vera tilstrekkelig til å redusera gjelda ned til eit håndterbart nivå for Skakke SA.

Kommunen vil her stå som eigar av hallen, men idrettslaget kan påta seg enkelte elementer av drifta som er knytt til idrettslagets daglige virke, som t.d reinhald og personale på kveldstid. Dette er tjenester EIL igjen kan tenke seg å kjøpe av Skakke SA, som då vil bygge opp under drifta.

Idrettslaget vil leige halltid på kvelden tilsvarande dagens nivå av kommunen, i staden for Skakke SA (Som er dagens utleigar). EIL ser for seg at utgiftene for halleige og utgifter på evt. drift rundt vårt virke då vil spegle utgifter EIL har per i dag, men kan justerast noko opp for å landa ei varig løysning.

Kommunen vil då sitte igjen med ein idrettshall som dei sårt treng for å driva Enge Skule - og Skakke SA vil kunne drifte omtrent som normalt.

Forslaget inneheld eit kraftig ønske om at eigarandelane i Skakke SA og vedtektene vert uendra.

Det vil i alle fall ver hensiktsmessig at dei frivillige laga framleis har gjennomslag i drifta av Skakke SA.

I ei utviding av dette alternativet kan EIL sjå på å kjøpe ut den delen av Skakke SA som i dag vert brukt av oss som klubblokalet. Dette for å tilføre kapital til Skakke SA.

Løysninga her vil potensielt ta vekk nokre av sponsorflatene som Skakke SA i dag nyttar seg av i hallen, og ein bør finne ei løysning der Skakke SA framleis kan dra inn sponsorinntekter. Dette kan komme i form av at Skakke SA leiger flatene ein allereie brukar for ein symbolsk sum, for å kunne ha dette med i sitt sponsorarbeid vidare. Skakke SA må i alle tilfelle omstille sponsorprogrammet sitt til å dreie seg kring den kulturelle drifta.

EIL meiner at dette iveretar eigerlaga sine interesser, dugnadsånda knytt til bygget, muligheten for å søke midlar frå stiftelsar knytt til den øvrige bygningsmassen og det vil sørge for at dei 2 laga som brukar halen 95% av tida vil ha tilgang til denne. Dette vil også sørge for at investeringar tatt av Skakke SA dei siste åra, spesielt mtp. kjøkken og solceller, fortsatt vil vera Skakke SA sitt eige.

Etne Idrettslag er meir enn villige til å gå i dialog med kommunen og Skakke SA for å finna fram til forpliktelser frå alle partar som vil gagne flest mulig.

Til slutt ønsker Etne IL å berømme alle partar i denne tunge saka. Dialogen har vert rettferdig, konstruktiv og me opplever alle partar som villige til å finne løysningar til det beste for alle i heile kommunen. Me har nå trua på at me vil lande ei varig løysing for storståva vår.